

# SØKNAD OM STØNAD TIL FORPROSJEKT - VEDTAKSDOKUMENT

<b>PROGRAM:</b>	RFFVEST
<b>UTLYSNING:</b>	Regional kvalifiseringsstøtte i 2013 - Offentlege utviklingsoppgåver på Vestlandet.. (Søknadsfrist Løpende)
<b>PROSJEKTNUMMER:</b>	232900
<b>PROSJEKTTITTEL:</b>	Rapporteringskrav mot kommunane: eit nedanfrå-og-opp-prosjekt
<b>SØKER:</b>	SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
<b>SAMARBEIDSPARTNERE:</b>	FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE, NAV SOGN OG FJORDANE, STIFTINGA VESTLANDSFORSKING, HØGSKULEN I SOGN OG FJORDANE, Kommunenes Sentralforbund
<b>PARTNERBESKRIVELSE:</b>	
<b>SØKT BELØP (i hele 1000 kr):</b>	200
<b>KOSTNADSPLAN (i hele 1000 kr)</b>	
Personal- og indirekte kostnader:	290
Innkjøp av FoU-tjenester:	0
Utstyr:	0
Andre driftskostnader:	20
Totalsum:	310

## HOVEDMÅL OG DELMÅL

Hovudmål: Få innsyn i sentrale problemstillingar og utfordringar knytt til statlege rapporteringskrav mot kommunesektoren, som grunnlag for utforming av eit offentleg innovasjonsprosjekt.

Delmål: (1) Skaffe oversyn over eksisterande rapporteringsordningar, (2) få oversyn over kunnskapsstatus om rapporteringskrav spesielt og styring av kommunal sektor generelt, (3) identifisere særleg problematiske område når det gjeld omfanget av rapportering, slik det artar seg frå kommunane si side, og (4) utforme søknad om hovudprosjekt om innovasjon i offentleg sektor

## PROSJEKTSAMMENDRAG

Kommunesektoren opplever omfattande og aukande krav om rapportering på resultat og aktivitetar til statlege etatar. Som ein følge av denne aukinga kan vi registrere ein tiltakande misnøye med, og kritikk av, omfanget av rapporteringane. Dette forprosjektet skal leggje grunnlaget for ein søknad om eit hovudprosjekt som omhandlar innovasjonspotensialet i kommunane når det gjeld rapporteringsarbeidet. Det er eit stort behov for effektivisering, forenkling og fornying av kommunane sitt rapporteringsarbeid. Dette vil bidra til innovasjon i offentleg sektor, ved at ein nyttar forskning for å bringe fram nye og betre løysingar innan leiing, offentleg tenesteproduksjon og administrasjon. Dette vil igjen kunne frigjere ressursar til anna kommunal oppgåveløysing. Eit slikt hovudprosjekt vil difor ha ei tydeleg samfunnsnytte gjennom å bidra til meir effektiv kommunal ressursbruk og til betre utveksling av styringsinformasjon mellom stat og kommunar.

I forprosjektfasen er det ei hovudmålsetting å få meir kunnskap om det faktiske omfanget av rapporteringskrav mot kommunane og kva ressursar kommunane brukar på rapportering, kva relevans denne rapporteringa har for både dei som rapporterer (einingar i kommunane) og dei det blir rapportert til (statlege etatar), kor påliteleg rapporteringa er som styringsinformasjon, samt i kva grad og korleis kommunane sjølve kan bruke rapporteringsdata i utviklingsarbeid og læring.

Dette er eit nedanfrå-og-opp- prosjekt, det vil seie at rapporteringskrava skal kartleggjast og forståast frå kommunane sin ståstad. Tidlegare og eksisterande oversikter over rapporteringskrav har ofte hatt ei ovanfrå-og-ned-tilnærming. Vi fyller ut dette biletet, ved å sjå på omfang, relevans og nytte frå kommunane sitt eige perspektiv. Vidare vil vi identifisere strategiar for korleis rapporteringsbøra kan reduserast eller forenklast. Igjen er det vesentleg at kommunane sjølve får kome til orde med kva slags innovasjonspotensial dei ser for rapporteringsarbeidet.

## FAGPANELET SI VURDERING

Hovudkarakter

7

Karakter

	Karakter
Er søknaden relevant i forhold til utlysinga?	7
Vil den kompetanse/kunnskap/nettverk og liknande som vert bygd opp i prosjektet kunne forventast å ha stor verknad for verdiskaping for offentleg sektor på Vestlandet?	6
Er mål og delmål i prosjektet klart formulert?	7
Er det god samanheng mellom mål, prosjektaktivitet og forventast resultat?	7
Forskningskvaliteten i prosjektet	7
Er prosjektplanen klar og kan gjennomførast?	6
Er prosjektbudsjettet/finansieringsplan rimelig i forhold til planlagt aktivitet?	6
Har søkjar/samla søkjarkonsortium tilstrekkeleg fagleg og administrativ kompetanse til å gjennomføre prosjektet?	7
Har prosjektsøknaden synleggjort gode planar for vidareføring og formidling?	7
Er det truleg er det at prosjektet kan resultere i ein vellukka prosjektsøknad til regionale, nasjonale eller internasjonale finansieringsordningar?	7

### Kommentarar:

Eit prosjekt av svært høg relevans for kommunesektoren, ikkje minst småkommunar. Tema er forenkling, effektivisering og bedre styringsverky mellom kommunesektoren og statlege organ. Det er klart tydeliggjort korleis bedre system kan få effekter på kommunesektoren. Eit hovudprosjekt på dette temaet kan bidra til høg verdiskaping. Søknaden har presist angitt skille mellom forprosjekt og eit seinare hovudprosjekt, noko svært mange andre søknader manglar. Det er og veldig tydeleg samanheng mellom mål, problemstillingar og aktivitetar. Søknaden relaterer seg til eksisterende forskning. Det metodiske opplegget gir godt grunnlag for gjennomføringa av prosjektet. Prosjektplanen er overbevisande. Den kan virke litt ambisjøs i forhold til den tid og ressursar som er til disposisjon. Men prosjektplanen er tydelig operasjonalisert og det er derfor grunn til å tro at den kan gjennomførast. Eit sterkt konsortium står bak søknaden. Prosjektleiari har rett fagleg kompetanse. Alle relevante nøkkelinstitusjonar- og personar er med. Tydelege planar for utvikling av hovudprosjekt er med. Det er ikkje presis informasjon om særskilte formidlingaaktivitet, men nødvendig formidling vil skje som ein naturleg del av gjennomføringa av prosjektet (etttersom alle relevante partnarar er med).

### SEKRETARIATET SI VURDERING

Søknaden har fått høgste karakter av fagpanelet. Resultata av eit hovudprosjekt på dette temaet er vente å kunne gje viktige bidrag til innovasjon og verdiskaping i kommunal sektor, med utgangspunkt i røynda for mindre kommunar på Vestlandet. Søknaden er innstilt til støtte.

### VEDTAK - DATO: 3.10.2013

*Regionalt forskingsfond Vestlandet gjer tilsegn om inntil kr 200.000 til prosjekt 232900  
Rapporteringskrav mot kommunane: eit nedanfrå-og-opp-prosjekt, søkjar Sogn og Fjordane fylkeskommune*

  
Lone Engelsvold  
Sekretariatsleiar